



DEN NORSKE KYRKJA

Sykylven- og Ikornnes sokn

# DIAKONIPLAN

## for

### Sykylven- og Ikornnes sokn

Vedteke i felles soknerådsmøte  
den 04.09.2018

**Visjonen** for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja:

Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte,  
verkeleggjort gjennom liv og teneste.

**Definisjonen** som planen legg til grunn:

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.

**Visjon for Sykylven- og Ikornnes kyrkjelyd sin diakoni:**

Levande tru – levande liv

**Målsetjing for diakonien i Sykylven- og Ikornnes kyrkjelyd:**

Sykylven og Ikornnes kyrkjelyd skal vere inkluderande, misjonerande og omsorgsfull. Kyrkjelyden vil vere bevisst på ansvaret vi har for alle menneske - både i kyrkjelyden og for menneska som lir andre stadar i verda. Vi vil vere ansvarlege i forvaltninga av skaparverket til det beste for alle, og i kampen for rettferd.



## Innleiing

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste.

Diakoni er evangeliet sett ut i handling

som skal gjennomsyre alt vi gjer.

Diakonien kjem til uttrykk gjennom nestekjærleik,  
inkluderande fellesskap, vern om skaparverket  
og kamp for rettferd.

*Vi skal lytte, sjå og møte våre medmenneske*

*med Jesu sinnelag*

*og ta vare på Guds skaparverk for komande generasjonar*



## Innhaldsliste

Innleiing	side	2
Årshjulet	side	4
Kapittel 1-Nestekjærleik	side	5
Kapittel 2-Inkluderande fellesskap	side	7
Kapittel 3-Vern om skaparverket	side	19
Kapittel 4-Kamp for rettferd	side	22



## Årshjulet

<i>Månad</i>	<i>Tiltak for evaluering</i>
Januar	Tysdagsstreff.
Februar	Juletrefest BUAS. Juletrefest Ikornnes kyrkje.
Mars	Kyrkjedagane Ikornnes.
April	
Mai	
Juni	Husgrupper. Tweensklubb. Fredagsklubb. Alternativ Rus(s)
August	Kyrkjekaffi. Onsdagsmiddag. Fellesmiddag Ikornnes Foreldre-born/babysong.
September	
Oktober	Kyrkjemessa.
November	Senior-søndag. Hausttakkefest.
Desember	



## 1. Nestekjærleik

«Vi menneske er avhengige av kvarandre». Gjennom heile livet treng vi å bli møtt med nestekjærleik og godheit. Nestekjærleik i praksis handlar både om små, enkle handlinger og om store, krevjande tiltak. Godheit audmjuker ikkje mottakeren, men ivaretok den andre si verdigheit.

- Målsetjing:**
1. Den lokale kyrkjelyden har eit omsorgsarbeid retta mot lokale utfordringer.
  2. Kyrkje og kyrkjelyd inspirerer til eit liv i nestekjærleik.

### Tiltak

## Andakt på BUAS

**Målsetjing:** Bringe kyrkja til dei som bur på BUAS og som sjølv ikkje kan kome til kyrkje.

**Tid for gjennomføring:** Annakvar tysdag

**Korleis:** Andakt og institusjonsgudsteneste. Vere tilgjengeleg for samtale for dei som ynskjer det.

**Ressurs:** Prestane, frivillige og organist.

**Samarbeid med:** BUAS

**Ansvarleg:** Prestane

**Status:** Tiltaket er aktivt

### Tiltak

## Husbesøk/soknebod

**Målsetjing:** Vere medvandrar og tilstades for menneske der dei er i sine liv.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg

**Korleis:** Det vert teke kontakt direkte med prestane med ynskje om besøk.

**Ansvarleg:** Prestane

**Status:** Tiltaket er aktivt



*Tiltak*

## Sorgarbeid/Samtalegrupper

**Målsetjing:** Sorgbearbeiding

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg når behovet er til stades

**Korleis:** For dei som ynskjer det, vert det tilbod om samtale i grupper. Her kan ein dele tankar og erfaring og på den måten hjelpe kvarandre til å meistre kvardagen.

**Samarbeid:** Den kommunale omsorgsgruppa i Sykylven kommune

**Ansvarleg:** Prestane/Diakon

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Gravferdshandlingar

**Målsetjing:** Legge vinn på å gi ei god og verdig avslutning av livet.

**Tid for gjennomføring:** Ved behov.

**Ressurs:** Prestane, organist, kyrkjetenar, sekretær og kyrkjeverje

**Samarbeid med:** Gravferdsbyrå/Familie.

**Ansvarleg:** Prest og organist.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Opa kyrkje ved kriser

**Målsetjing:** Vere tilstades for menneske i krise.

**Tid for gjennomføring:** Når kriser skjer.

**Korleis:** Ei gruppe som er sett saman til denne tenesta samlast og tek i bruk planen som er laga.

**Ressurs:** Krisegruppa i kyrkjelydane



**Samarbeid med:** Kommunal beredskapsgruppe og eventuelt andre.

**Ansvarleg:** Krisegruppa i kyrkjelydane/Diakon

**Status:** Tiltaket er aktivt

Andre moglege tiltak kan vere:

*Tiltak* **Langsiktig sorgarbeid**

*Tiltak* **Regelmessig besøksteneste**

*Tiltak* **Årleg innsamling til diakoni**

*Tiltak* **Diakonikveld**



## 1. Inkluderande fellesskap

Mange slit med einsemd og manglar ein stad å høyre til. Grunnleggjande i kristen tru er at mennesket er skapt til fellesskap. Å styrke banda mellom menneske og knyte nye band der forhold er gått sund, er ei diakonal utfordring. Gode fellesskap gir alle høve både til å yte og å ta i mot. Dei har plass til mangfaldet og syter for at færre fell utanfor.

**Målsetjing** 1. Fellesskapa i kyrkjelyden er opne og inkluderande.

2. Kyrkjelyden deltek aktivt med å styrke fellesskap og nettverk generelt i lokalsamfunnet.

### Tiltak **Kyrkjekaffi**

**Målsetjing:** Sosialt felleskap i tilknytning til kyrkjelydane si hovudsamling

**Tid for gjennomføring:** Etter gudstenestene i begge kyrkjene

**Tid for evaluering:** halvårleg.

**Ressursar:** Innkjøp av kjeks, saft og kaffi. Bake kake. Kaffikokarar på liste. Kvar einskild vert oppmoda om å ha auge for nye på kyrkjekaffien /sette seg saman med/ ta kontakt.

**Samarbeid med:** Frivillige

**Ansvarleg:** Staben i kyrkja

**Status:** Tiltaket er aktivt

### Tiltak **Onsdagsmiddag Sykkylven kyrkje**

**Målsetjing:** Fellesskap i kyrkja på tvers av generasjonane. Middagsservering. Overskot til misjonsprosjekt. Hjelp i tidsklemma.

**Tid for gjennomføring:** Annakvar onsdag frå kl. 16.00 til 17.00



**Tid for evaluering:** halvårleg

**Ressursar:** Frivillige

Kvar einskild vert oppmoda om å ha auge for nye på middagen /sette seg saman med/ ta kontakt.

**Samarbeid med:** NMS

**Ansvarleg:** Trusopplærar/Sykylven sokneråd

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Fellesmiddag Ikornnes kyrkje

**Målsetjing:** Fellesskap i kyrkja på tvers av generasjonane.  
Middagsservering. Overskot til misjonsprosjekt.  
Hjelp i tidsklemma.

**Tid for gjennomføring:** Ein torsdag i mnd. frå kl.15.45-16.30

**Tid for evaluering:** halvårleg

**Ressursar:** Innkjøp. Matlaging. Kjøkken. Servering og oppvask.

**Samarbeid med:** Frivillige

**Ansvarleg:** Ikornnes sokneråd

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Foreldre-barn/babysong

**Målsetjing:** Sosial arena for foreldre i barselpermisjon der ein kan treffe andre. Babysong gjev (auka) nærliek og kontakt mellom foreldre og barn og barna får vere med i song og rytmeleikar.  
Vi spreier glede ved å besøke BUAS ein gong pr. mnd.

**Tid for gjennomføring:** Mandager kl. 10.00 – 13.00 i  
Sykylven kyrkje

**Tid for evaluering:** Halvårleg

**Ressursar:** Kjøkken. Kaffi og Te. CD-spelar og babysong-opplegg.



Kjellerstova, klubblokale, foreldra sjølve.

**Samearbeid med:** BUAS

**Ansvarleg:** Trusopplærar, sokneråd.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Husgrupper

**Målsetjing:** Livsnære fellesskap med bibelstudium, bøn, sosialt samvær og styrking av trua.

Ein plass for spørsmål og undring over evangeliet.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerlig

**Tid for evaluering:** Juni kvart år.

**Ressursar:** Opplegg for bibelstudium. Kjøpast eller vert laga. Heimar stillast til disposisjon. Servering. Kaffi. Ansvar delast mellom medlemmane i gruppene.

**Samarbeid med:** Andre trusfelleskap i bygde

**Ansvarleg:** Gruppeleiarar og prestane.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Tysdagstreff i Ikornnes kyrkje

**Målsetjing:** Sosial samlingsstad for pensjonistar med song, mat, og kulturelle innslag.

**Tid for gjennomføring:** Annakvar tysdag frå kl. 11.00 til 14.00

**Tid for evaluering:** Årleg

**Ressursar:** Kykkekjellar. Projektør. Lydanlegg. Songbøker. Kjøkken. Liste med frivillige.

**Samarbeid med:** Sørestranda skule og Ikornnes barnehage.

**Ansvarleg:** Eige styre. Ikornnes sokneråd.

**Status:** Tiltaket er aktivt



**Tiltak**

## Kyrkjemesse i Sykkylven kyrkje

**Målsetjing:** Sosial samling gjennom ei helg i kyrkja. Kake og grautsal. Tombola, loddbøker og åresal. Kulturelle innslag. Våre eigne barne- og ungdomskor er særsviktige på messa. Dei er med og spreie evangeliet i tekst og musikk. Ynskje å samle inn pengar til barne- og ungdomsarbeid.

Fredagen på dagtid er det pensjonistane som er målgruppa.  
Laurdagen er det barnefamiliane som er målgruppa.

**Tid for gjennomføring:** Ei helg i september.

**Tid for evaluering:** Etter gjennomføring.

**Ressursar:** Frivillige – mange.

Mesestyret, sokneråd. Lydanlegg, projektør, kjøkken. Staben i kyrkja og trusopplærarar.

**Samarbeid med:** Bygdefolket

**Ansvaleg:** Mesestyret og soknerådet.

**Status:** Tiltaket er aktivt

**Tiltak**

## Kyrkjedagar i Ikornnes kyrkje

**Målsetjing:** Samle inn pengar. Lodd, tombola og årer. Kulturelt program. Mat og sosialt. Ynskje om å samle «heile» kyrkjelyden.

**Tid for gjennomføring:** Ei helg i februar

**Tid for evaluering:** Mars

**Ressursar:** Heile kyrkja i bruk. Frivillige til kakebaking. Sal. Matlagning. Kor, orkester, korps til underhaldning. Tysdagstreff på fredag. Loddbok, åresal og tombola. Soknepresten på Ikornnes, kantor og trusopplærarar.

**Samarbeid med:** Soknerådet

**Ansvarleg:** Soknerådet.

**Status:** Tiltaket er aktivt



*Tiltak*

## Julefest på BUAS

**Målsetjing:** Julefest for bebuarar og brukarar på BUAS og deira familiar.

**Tid for gjennomføring:** søndag i byrjinga av januar.

**Tid for evaluering:** Februar

**Ressursar:** Masse kaker. Kaffi og saft. Frivillige hjelparar. Jettegryta kafé. Piano. Juletre. Musikkinnslag, diktlesing/forteljing Allsang m/piano. Andakt. Program/leiing: kyrkja Mat/rigg: Loge Venia

**Samarbeid med:** Loge Venia / Odd Fellow.

**Ansvarleg:** soknepresten

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Juletrefest i Ikornnes kyrkje

**Målsetjing:** Julefest for familiar og eldre. Halde på gamle tradisjonar. Skape eit sosialt rom utanfor heimen i jula.

**Tid for gjennomføring:** 5.juledag

**Tid for evaluering:** Jan/febr

**Ressursar:** Kyrkjekellar. Lydanlegg. Juletre. Pynting. Mat (alle tek med eit fat med julebakst) godteposer, kaffi/saft. Program: Barnekor, forteljing, leikar, juletregang. Kantor og soknepresten på Ikornnes.

**Samarbeid med:** Kantor og soknepresten på Ikornnes

**Ansvarleg:** Ikornnes sokneråd

**Status:** Tiltaket er aktivt



**Tiltak**

## Tweensklubb i Ikornnes kyrkje

**Målsetjing:** Klubb for born, 5.-7.klasse. Aktiviteter, spel, sosialt. Andakt m/fadervår. Formidle den kristne tru til borna. Skape ein heim i kyrkja.

**Tid for gjennomføring:** Ein onsdag i månaden

**Tid for evaluering:** årleg

**Ressursar:** Kyrkjekellar, kjøkken, mat, innkjøp, utstyr til aktivitet. Foreldre som medhjelparar. Soknepresten på Ikornnes

**Samarbeid med:** Friviljuge

**Ansvarleg:** Ikornnes sokneråd / sokneprest på Ikornnes

**Status:** Tiltaket er aktivt

**Tiltak**

## Fredagsklubben i Sykylven kyrkje

**Målsetjing:** Sosialt samlingstad for 5.-7.klassingar i bygda der dei møtast og har det kjekt i lag med spel og aktivitetar. Borna høyrer ei kort andakt med bøna Vår Far og lærer seg denne bøna. Foreldre er tilstades.

**Tid for gjennomføring:** Annakvar fredag.

**Tid for evaluering:** halvårleg

**Ressursar:** Trusopplærar, frivillige andaktshaldarar, foreldrevakter. Matinnkjøp.Matservering kvar gong.

**Samarbeid med:**

**Ansvarleg:** Trusopplærar / Sykylven sokneråd.

**Status:** Tiltaket er aktivt

**Tiltak**

## Leiartrening

**Målsetjing:** Leiartrening for ungdomar i aldersgruppa 16-18 år. Ulike kurs for ulike aldersgrupper og tiltak. Leiartrening er med på å utruste ungdomar til å bli trygge og gode rollemodellar for born og unge i og utanfor kyrkja i ulike leiaroppgåver.



**Tid for gjennomføring:** Haust- og vårhalvår

**Tid for evaluering:** Etter kvart gjennomført leiarkurs.

**Ressursar:** Bruker ledige lokaler i kyrkja. Ungdomsarbeidar gjennomfører kurset. Innkjøp av deltakarhefte og andre ressursar som trengs for å gjennomføre kurset.

**Samarbeid med:**

**Ansvarleg:** Ungdomsarbeidar.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Open kyrkjekjellar onsdagar i Sykylven kyrkje

**Målsetjing:** Ein plass der ungdommane kan kome å gjere lekser og vere sosiale etter skuletid. Der dei som vil kan få ei moglegheit for å stille spørsmål og få hjelp med konfirmantoppgåver. Annakvar onsdag har dei moglegheita til å bli med på onsdagsmiddag.

**Tid for gjennomføring:** Kvar – til annakvar onsdag etter skulen fram til BlesSing starter si øving.

**Tid for evaluering:** Fortløpande gjennom året.

**Ressursar:** Kyrkjekjellaren der ungdommane kan sitje i lag.

**Samarbeid med:**

**Ansvarleg:** Ungdomsarbeidar.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Språk- og praksisplass

**Målsetjing:** Ta inn flyktingar/innvandrar som treng språkpraksis. La dei få litt arbeidserfaring og vegleiing. Dei tek seg av fysisk arbeid i og rundt kyrkjene og på kyrkjegarden.

**Tid for gjennomføring:** Etter behov.

**Tid for evaluering:** årleg



**Ressursar:** Driftsleiar er rettleiar og arbeidsformann.

**Samarbeid med:** Sykkylven kommune/flyktningkontoret/NAV.

**Ansvarleg:** Kyrkjeverjen/driftsleiar.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Konserter på BUAS

**Målsetjing:** Gje eit kulturelt tilbod til dei som bur på BUAS. Skape glede i kvardagen. La borna og ungdommane i kora oppleve å vere til glede for andre.

**Tid for gjennomføring:** Ein gong pr. semester pr. kor.

**Tid for evaluering:** Årleg

**Ressursar:** Kor og dirigent.

**Samarbeid med:** Kulturkontoret og BUAS.

**Ansvarleg:** Kantor.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Konserter i kyrkjene

**Målsetjing:** Konserter med kaffemat og sosialt samvær. Tilrettelagt kollekt i staden for billettsal.

**Tid for gjennomføring:** Sommerhalvåret.

**Tid for evaluering:** Årleg

**Ressursar:** Kantor og andre musikarar.

**Ansvarleg:** Kantor.

**Status:** Tiltaket er aktivt



*Tiltak*

## Intimkonserter

**Målsetjing:** Tilbod om skreddarsydde konsertar for grupper eller enkeltmenneske som har spesielle behov. Anten sosial angst, allergiar eller funksjonshemmingar som hindrer dei i å delta på vanlege konsertar.

**Tid for gjennomføring:** Etter behov.

**Tid for evaluering:** Etter behov.

**Ressursar:** Kantor

**Samarbeid med:** BUAS, Brukarorganisasjonane i Sykylven (BOS)  
NAV

**Ansvarleg:** Kantor.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Alternativ Rus(s)

**Målsetjing:** Rusførebyggande arbeid blant russen i Sykylven. Skape rusfrie møtepunkt for russen og skape identitet som føredøme for yngre blant russen. Bl.a. Infomøte.

**Tid for gjennomføring:** Våren før 1.mai

**Tid for evaluering:** Etter gjennomføring

**Ressursar:** Samlar inn pengar frå bedrifter i bygda. Rebusløp,  
Rusfrifest.

**Samarbeid med:** Politiet, helsestasjonen, NAV og kyrkja.

**Ansvarleg:** Ungdomsarbeidar.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Senior-kyrkjessøndag (tidl. eldresdag)

**Målsetjing:** Invitere seniorane i bygda. Legge til rette for at dei kan kome seg til kyrkje. Vise dei heider og verdi ved å stelle i stand flott



middag med program etter gudstenesta. Invitere inn musikk, lyrikk og helsing frå ordførar. Med eldre meiner vi dei som er pensjonistar.

**Tid for gjennomføring:** Haust

**Tid for evaluering:** Etter gjennomføring

**Ressursar:** Skyss, middag og servering. Program.

**Samarbeid med:** Kyrkja og kommunen.

**Ansvarleg:** Begge sokneråda og staben.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## MOT-arbeid.

**Målsetjing:** MOT er ein ungdoms- og samfunnsbygger, som styrkar ungdommars medvit og mot – til å leve, til å bry seg og til å seie nei.

**Tid for gjennomføring:** Ulike arrangement/oppgåver i løpet av skuleåret og deltaking på Open Storhall

**Tid for evaluering:** Evaluerer gjennom året saman med MOT teamet.

**Ressursar:** MOT Sykylven står for ressursane.

**Samarbeid med:** MOT Sykylven

**Ansvarleg:** MOT Sykylven og ungdomsarbeidar.

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Flyktningguide

**Målsetjing:** Møte flyktningar og gje dei betre kjennskap til plassen dei skal bu på ved å vise dei rundt. Fokus på geografi og samfunnsmessige strukturar. Knyte band til nokre personar i lokalmiljøet. Gjere det lettare for dei å bli integrert.

**Tid for gjennomføring:** Ved behov



**Tid for evaluering:** Årleg

**Ressursar:** Frivillige

**Samarbeid med:** Flyktingkontoret og vaksenopplæringa.

**Ansvarleg:** Diakon

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

*Tiltak*

## Unge foreldre

**Målsetjing:** Rådgjeving og oppmuntring til unge foreldre. Hjelp til å få livet til å «gå rundt».

**Tid for gjennomføring:** Ved behov

**Tid for evaluering:** Årleg

**Ressursar:** Frivillige, diakon, rådgjevarar, familiekontoret, barnevern.

**Samarbeid med:** Barnevern / Familiekontoret.

**Ansvarleg:** Diakon

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

*Tiltak*

## Hjelp til foreldre som vurderer abort

**Målsetjing:** Oppmuntre og støtte foreldre i vanskelege livssituasjoner til behalde det ufødte barnet.

**Tid for gjennomføring:** Etter behov

**Tid for evaluering:** Etter behov

**Ressursar:** Sjelesorg frå stab og frivillige. Tilbod om å besøke ein familie i kyrkja. Tilbod om å besøke babysong.  
Økonomisk støtte/vegleiing.

**Samarbeid med:** AMATEA, Helsestasjon

**Ansvarleg:** Prest eller trusopplærar

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt



*Tiltak*

## Følgeteneste på BUAS

**Målsetjing:** Hjelpe menneske som bur på BUAS å kome seg til andakt, gudstenester og konserter som er på BUAS eller i kyrkjene.

**Tid for gjennomføring:** Ved behov

**Tid for evaluering:** Årleg

**Ressursar:** Frivillige

**Samarbeid med:** BUAS / Frivilligsentralen

**Ansvarleg:** Diakon

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

*Tiltak*

## Skyssteneste

**Målsetjing:** Tilby skyss til ulike arrangement i kyrkjene slik at fleire kjem seg til kyrkje.

**Tid for gjennomføring:** Ved behov

**Tid for evaluering:** Årleg

**Ressursar:** Frivillige med bil

**Samarbeid med:** Frivilligsentralen

**Ansvarleg:** Sokneråd/diakon.

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

*Tiltak*

## Klubb for funksjonshemma

**Målsetjing:** Tilby ein møteplass der ein føle seg inkludert

**Tid for gjennomføring:** Ved behov

**Tid for evaluering:** Årleg



**Ressursar:** kommunalt tilsette

**Samarbeid med:** Frivilligsentralen

**Ansvarleg:** Sokneråd/diakon.

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

### 3. Vern om skaparverket

**Målsetjing:** Kyrkje og kyrkjelyd arbeider med den bibelske forståinga av Guds skaparverk, og mennesket som ein del av det. Kyrkjelyden og den enkelte er aktivt og konkret med på å skape ein positiv livsstil som fremjar balanse og heilskap.

*Tiltak*

#### Kyrkjeskyss/felleskøyring

**Målsetjing:** Alle som ynskjer det skal få høve til å kome til kyrkja når det er gudsteneste. Spare miljøet ved å køyre saman, gå eller sykle.

**Tid for gjennomføring:** Når det er gudsteneste

**Tid for evaluering:**

**Ressursar:** Sjåførar. Setje opp tlf.nr. på plakatar i kyrkja og på heimesidene.

**Samarbeid med:** Diakon

**Ansvarleg:** Diakoniutval

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

*Tiltak*

#### Byttedag

**Målsetjing:** Tiltak mot kjøp- og kast-kulturen.

**Tid for gjennomføring:**



**Tid for evaluering:**

**Ressursar:** Kyrkjekellar. Annonsering, kunngjeringar, flygeblad på skulane.

**Samarbeid med:**

**Ansvarleg:**

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

**Tiltak**

**Feiring av skaparverkets dag i gudstenesta**

**Målsetjing:** Få fram håpet om Guds skaparmakt, utfordringar og ansvar.

**Tid for gjennomføring:** Våren / Utegudsteneste

**Tid for evaluering:**

**Ressursar:** Konfirmantar , Skulekorps

**Samarbeid med:**

**Ansvarleg:**

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

**Tiltak**

**Kjøp av Fairtrade-produkt som kaffi, te, blomster.**

**Målsetjing:** Bruke minst mogleg vaskemiddel. Gjere alle som har med kyrkja å gjøre meir bevisste på at der finst eit alternativ til å velje miljøbevisst.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg

**Tid for evaluering:** Kontinuerleg

**Ressursar:**

**Samarbeid med:** Kyrkjetenar, dei ansatte og dei frivillige.

**Ansvarleg:** Sokneråda

**Status:** Tiltaket er aktivt.



*Tiltak*

## Haus ttakkefest

**Målsetjing:** Bevisstgjering om vårt ansvar for skaparverket.

**Tid for gjennomføring:** September

**Samarbeid med:** Bondelaget

**Ansvarleg:** Sokneprestane

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Grøn kyrkjelyd

**Målsetjing:** Kyrkjelyden skal bli «grøn kyrkjelyd». Registrere/sende inn 25 punkt til : gronnkirke.no

**Tid for gjennomføring:** Innan utgangen av år 2018/2019.

**Tid for evaluering:** Slutten av år 2019

**Ressursar:** gronnkirke.no ved Per Ivar Våje, tlf.23081266  
epost: [pv383@kirken.no](mailto:pv383@kirken.no)

**Samarbeid med:** Kyrkjetenar, diakoniutval og dei tilsette.

**Ansvarleg:** Sokneråda

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

*Tiltak*

## Bruk av eingongsservice/plast ol.

**Målsetjing:** Redusere søppelberget av mellom anna plast.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg

**Tid for evaluering:** Kontinuerleg

**Status:** Tiltaket er aktivt



## 4. Kamp for rettferd

**Innleing:** Alle menneske er like mykje verd i Guds auge. Difor kan vi ikkje stille oss likegyldig til våre medmenneske i naud. Vi må arbeide for ei lik fordeling og stå opp for dei som har små ressursar og ikkje blir høyrde i kampen for menneskeverd og rettferd.

**Målsetjing:**

1. Kyrkjelyden må engasjere seg i rettferdig omfordeling av verdas ressursar
2. Kyrkjelyden skal stå opp for menneske som får sitt menneskeverd krenka

**Tiltak:**

### Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon

**Målsetjing:** Gjere kyrkjelyden medveten på vårt globale ansvar og at vi må vise kristen nestekjærleik og dele av vår rikdom. Vi må engasjere heile kyrkjelyden i dette arbeidet. Konfirmantane får ta del på ein praktisk måte for å kjempe for rettferdig fordeling av verdas ressursar

**Tid for gjennomføring:** Heile fastetida for heile kyrkjelyden Konfirmantane har konfirmantlaurdag og tysdag før palmesøndag som felles aksjonsdag over heile landet

**Korleis:** Informasjon om aksjonen på førehand i/på gudstenester og i Sykkylvsbladet. Fastebøsser til bruk i heime blir utdelt ved gudstenestene. Innsamling ved at konfirmantane går med bøsser til kvar husstand.

**Ressurs:** Materiell frå KN. Rodeinndeling og utlevering av innsamlingsmateriell. Samling etter innkomst i kyrkjemellarane med matservering

**Samarbeid med:** Samarbeid med konfirmantforeldra som køyrer og friviljuge i kvart sokn.

**Ansvarleg:** KN kontakt lokalt. Prestane og ungdomsarbeidar

**Status:** Tiltaket er aktivt



*Tiltak:*

## Innsamling til Kirkens Bymisjon, Ålesund

**Målsetjing:** Arbeid for at menneske som slit skal erfare respekt, rettferd og omsorg

**Tid for gjennomføring:** Fleire offer gjennom heile året.

**Korleis:** Ved å gjere Kirkens Bymisjon sitt arbeid kjent, besøke senteret i Ålesund regelmessige og få medlemmar av kyrkjelydane til å engasjere seg i arbeidet.

**Ressurs:** Kirkens Bymisjon sine tilsette og kyrkjelyden sitt misjonsutval.

**Samarbeid med:** Interesserte og Kirkens Bymisjon

**Ansvarleg:** Felles misjonsutval

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Rusarbeid

**Målsetjing:** Hjelpe rusavhengige og føre de inn i kyrkjelyden

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg tiltak

**Korleis:** Oppsøkjande med spørsmål kva vi kan bidra med

**Ressurs:** Diakoniutvalet og frivillige

**Samarbeid med:** Rusbehandlar i Sykkylven kommunen

**Ansvarleg:** Diakoniutvalet/Diakon

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt

*Tiltak*

## Misjon- global diakoni : NMS

**Målsetjing:** Fokus på global fordeling

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerleg tiltak

**Korleis:** Gjennom kyrkjelydane sine misjonsprosjekt

Misjonsavtale NMS som jobbar for : Dele trua på Jesus - Utrydde fattigdom - Kjempe mot urett lokalt /globalt . Auka gjevarteneste



**Ressurs:** Formidling av informasjon/inspirasjon gjennom misjonsorganisasjonane sine tilsette / materiell og på kyrkjelydane sine heimesider/skjermer.

**Samarbeid med:** Misjonsorganisasjonane, misjonsutvalet Søndagsskulen og onsdagsmiddag-prosjektet.

**Ansvarleg:** Misjonsutvalet

**Status:** Tiltaket er aktivt

*Tiltak*

## Changemaker

**Målsetjing:** Arbeide for å endre dei strukturane som gir grunnlag for fattigdom og urettferd gjennom å sette søkelys på problema, finne løysingar og påverke politikarar.

**Tid for gjennomføring:** Kontinuerlig prosjekt

**Korleis:** Ungdomsorganisasjon med enkeltmedlemmar og lokallag

**Ressurs:** Kirkens Nødhjelp Changemaker sitt informasjonsmateriell

**Samarbeid med:** KN regionskontakt

**Ansvarleg:** Ungdomsarbeidaren

**Status:** Ynskjer at dette kjem i gang på sikt